



Varme As
Postboks 20 Kristianborg
5822 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7708 - 22/94070

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2022

Ferdigattest - rehabilitering av pipe til bustad gbnr 328/3 Grasdal

Administrativt vedtak: Saknr: 1413/22
Tiltakshavar: Henry Åsmund Grasdal
Ansvarleg søkjar: Varme As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av pipe til bustad på gbnr 328/3 Grasdal. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 22/7708 datert 27.10.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.12.22.

Skildring

Adresse:	Håtuftvegen 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Piperehabilitering bustad
Bygningsnummer:	176026227
Bruksareal:	

Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7708

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Henry Åsmund Grasdal

Håtuftvegen 96 5919

FREKHAUG

Mottakarar:

Varme As

Postboks 20 5822
Kristianborg

BERGEN